



Ordfører

Justis- og beredskapsdepartementet, Rednings- og beredskapsavdelingen
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
09/796-17		Arild Ingar Læg Reid	57665005	K2-X26	11.02.2014

Høyring brannstudien

Årdal kommune meiner at brann og beredskap framleis skal vera ei kommunal teneste som er utforma slik at ein tek vare på kravet til nærleik, lokalkunnskap og godt samarbeid mellom ulike brannvesen og med andre naudtetatar og frivillige. Ei sterk sentralisering av tenesta er ikkje forsvarleg, det vil føra til stor avstand mellom leiing, innsatsmannskap og ei unødige byråkratisering.

Situasjonen for brann- og beredskap i Årdal

Årdal kommune har i dag eige brannvesen med brannsjef i heil stilling og elles brannmannskap i deltidstillingar. Det er ein brannstasjon på Årdalstangen og ein i Øvre Årdal. Me har store bedrifter som er klassifisert som storulykkebedrifter, det er difor etablert eit samarbeid med Hydro Aluminium på bruk av brann- og beredskapspersonell samt utstyr. Dette samarbeidet har eksistert sidan 1989 og er i dag ein vinn-vinn situasjon for begge partar. Det er lite truleg at denne modellen kan vidareførast inn i eit fylkesbrannvesen. Brannsjefen i Årdal er og brannsjef i Lærdal.

Lærdal brann og redning, i samarbeid med nabokommunar og hjelp frå brannvesen i andre fylke, gjorde ein framifrå innsats i brannen i Lærdal den 18.01.2014.

Erfaring viser at brannmannskapa kjem fyrst fram til ulukkesstaden og må ta på seg utvida oppgåver. Brann og beredskap har såleis måtta skaffa seg ekstra utstyr som til dømes hjartestartar.

Nærleik og lokalkunnskap

Årdal kommune meiner at nærleik og lokalkunnskap er heilt avgjerande for å utøve ei forsvarleg teneste til innbyggjarane. Effektiv fyrsteinnsats med lokalkjent mannskap som kjem raskt på staden er svært viktig, jfr. brannulukkene i Lærdalsøyri, Gudvangatunnelen og på trippeldrapa på Valdresekspressen. Det er og viktig å halda oppe og styrkja samarbeidet med frivillige og med Sivilforsvaret i tillegg til eit godt samarbeid med nabobrannvesen. Hendingar den siste tida har vist at i eit spreiddbygd samfunn, er det breie samarbeidet særst verdifullt. Brann og redning driv og førebyggjande arbeid, dette krev god lokalkunnskap samtidig som ein kan få gode tenester gjennom interkommunalt samarbeid.

Samhandling


Det må vera god samhandling mellom brannberedskap og andre naudetatar og alle bør ha fast responstid. Årdal kommune meiner at det er heilt nødvendig å sjå brann og redning i samanheng med framtidig organisering av politi- og ambulansetenesta. Totalt sett må ein ivareta kravet om tilfredsstillande tenester med nærleik til innbyggjar, trafikantar og andre.

Alarmsentralen

Kommunane i Sogn og Fjordane har organisert alarmsentralen som ei interkommunal teneste. Dette fungerer tilfredsstillande og Årdal kommune ser ikkje grunnar for å gjera endringar. Det er og ein fordel at alarmsentralen er lokalisert ved sida av politiet, dette har vore utprøvd i fleire år med god erfaring. Så lenge brann og redning er ei kommunale teneste må det og vera kommunane som ordnar med samarbeidsløysingar slik dei finn det mest tenleg.

Med helsing

Årdal kommune



Arild Ingar Lægreid

Ordførar

57665005

arild.ingar.laegreid@ardal.kommune.no